



Lagunen truleg vil vere utbygd i løpet av 2023.



I Leatingshaugen bustadfelt er det berre ei ledig tomt for sal.



– Det bør setjast av areal til gang- og arealplanen, seier Marit E. Larssen, gårds.

– Kommunen har ingen a

– Gloppe kommune har ingen ambisjonar om å utvikle Sørstranda vidare. Utkastet til arealplan gjev oss ei oppleving av at ein har innteke ei «vente og sjå-haldning», seier representantar for Sørstranda Utviklingslag.

INGER H. ASKE LOTHE
inger@firdatidend.no

Anniken Rygg, Vegard Flatjord Moritsgård og Marit Elisabeth Larssen har på vegner av utviklingslaget sendt inn merknad til planframlegget, og håpar at dette kan bidra til å setje Sørstranda på kartet både for administrasjon og politikarar.

– Treng meir bustadareal

Bustadfelta Leatingshaugen på Gimmestad og Lagunen på Ryggøyra er omtala i planutkastet.

– Her blir det opplyst at det er 9 ubygde tomter på Lagunen og 5 i Leatingshaugen bustadfelt. Ein får inntrykk av at kommunen oppfattar dette som ein tomtereserve som gjer at tronken for areal til bustadbygging er dekt i heile planperioden, seier dei, og reagerer på at det ikkje er lagt inn fleire areal til bustadføremål i arealplanen.

– Eksisterer ikkje

– At ei tomt er ubyggd, er ikkje det same som at ho er tilgjengelig i ein open marknad. Av dei 5 ubygde tomte i Leatingshaugen bustadfelt er berre éi for sal

og kan reknast som «tomtereserve». Av tomte på Lagunen står det per i dag berre eitt areal att, og her er utbyggjar alt i gang med grunnarbeidet, opplyser dei, og legg til at Lagunen truleg vil vere utbygd i løpet av 2023.

– Dei 14 ubygde tomte som er nemnde i planomtalen som ein mogleg reserve, eksisterer med andre ord ikkje. Vi lurer difor på kva grunngjeving Gloppe kommune har for at det ikkje er lagt inn fleire nye tomter i arealplanen til bustadføremål på Sørstranda, seier dei.

Mindre felt på Sande

Held ein fast på dette, meiner dei at Sørstranda vil stå utan nytt areal til bustadfelt i heile planperioden.

– Det rimar ikkje med målsetjinga, meiner dei, og legg til at det er eit heilt anna fokus på Nordstranda.

Då arealplanen låg ute til offentleg gjennomsyn første gong, kom utviklingslaget med framlegg om å leggi inn eit mindre bustadfelt på kring to mål på gbnr. 15/9 på Sande. Her kan det vere plass til 3-4 buiningar, alt etter korleis ein byggjer.

– Dette arealet ligg i tilknyting til eit eksisterande, eldre buområde. I planomtalen er dette arealet no konsekvensutgreidd, seier dei, og stiller seg utforsystande til at det blir konkludert med at ein frårår å legge det inn i planen.

Usamde i argumenta

– Avstand til bygdesenter og manglende attraktivitet gjer at området ikkje vert tilrådd på be-

kostning av jordvernet. Avstand kan løysast med ein gang- og sykkelveg. At arealet ikkje er attraktivt, er vi heilt usamde i, seier dei.

At jordvernet skal vege tungt, har utviklingslaget forståing for.

– Men kvar kan ein leggi nye bustadområde i bygda vår som ikkje kjem i konflikt med jordvern, skogvern, myrvær og kvikkleire? Kvifor peiker ikkje kommunen på slike areal i planutkastet? I dette konkrete tilfellet har eigar rydda og tilbakeført eit område aust for bustaden sin, mellom fjæra og Fv. 615. Her sto det tidlegare tre revehus. Dette tilsvasar det arealet han ønskjer å leggi ut til bustader, fortel dei.

– Finn andre alternativ

Held kommunen fast på at det føreslegne arealet på Sande ikkje er attraktivt, bør kommunen ifølgje utviklingslaget ta ansvar for å presentere betre alternativ.

– Arealet på Sande vil ikkje dekke behovet for nye tomter på Sørstranda i komande tiårsperiode. Vi føreset difor at kommunen i tillegg legg inn ytterlegare tomteareal i planen, påpeikar dei.

Sande Settefisk byggjer ut for over 200 millionar kroner, og har eit ønske om at nytilsette skal kunne busetje seg i bygda.

– Dette må vi leggi til rette for, seier dei.

Naust på Sande

Utviklingslaget ber også om at det vert lagt inn areal til to naust på gbnr. 15/9 i tilknyting til naustrekka på Sande. Dette skal erstatte naust som tidlegare er rive.

– Vi finn det merkeleg at kommunen frårår at nausta blir bygde opp att på Sande og synet til at det er regulert nausttomter på Rygg som vil dekke behovet i planperioden. Desse tilhører brukar på Rygg og Grov, opplyser utviklingslaget.



Anniken Rygg, Vegard Flatjord Moritsgård og Marit E. Larssen i Sørstranda

Gang- og sykkelveg

I sin merknad til arealplanen etterlyser utviklingslaget at det er sett av areal til framtidig gang- og sykkelveg fra Sande til Fitje.

Trafikken på Fylkesveg 615 har auka dei seinare åra. Ved

tømmerkaia på Sande er det stor aktivitet, og dette genererer mykle tungtransport på strekninga. Det gjer også tungtransport port til og frå Hyen.

– Vi meiner det er viktig at kommunen synet kvar traséen

-30%
PÅ ZIP-SCREEN
til 29.05.

GRATIS BEFARING
911 50 200
Fasade®
PRODUKTER
OVE VEBERG
Din lokale salgskonsulent
Direkten: 908 67 031



*g sykkelveg frå Sande til Fitje i
Anniken Rygg og Vegard F. Morits-*



Tømmerkaia på Sande genererer stor trafikk på fylkesvegen.



Utviklingslaget meiner det bør leggjast inn utvidingsareal knytt til kyrkjegarden i arealplanen.

ambisjonar for Sørstranda



Utviklingslag stiller spørsmål ved kommunen sin påstand om at arealet bak dei på Sande ikkje er attraktivt som bustadområde.

for ein gang- og sykkelveg kan kome, slik at både grunneigarar og andre er merksame på det, understrekar dei.

Utviding av gravplassen

Mange i bygda er opptekne av gravplas-

sen ved Gamle Gimmestad kyrkje.

– Han må utvidast vestover, men vi finn ikkje at kommunen har sett av areal til dette i arealplanen, seier dei.

Anniken Rygg sat i Gloppen kommunestyre og var med på å vedta samfunnsdelen i kommuneplanen i februar 2018.

– På vegner av Høgre la eg i denne prosessen fram forslag om å sikre gravplassen på Sørstranda utvidingsareal. Dette vart òg vedteke i kommunestyret, men ordlyden vart underleg nok endra av administrasjonen til å gjelde alle gravplassane. No står det at «dagens grav-

plassar skal oppretthaldast som verdifulle gravplassar og sikrast nødvendig areal til bruk og drift», påpeikar ho, og legg til at dette no må følgjast opp i arealplansamanhang.